




Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane

> *til beste for folk, samfunn og livsgrunnlag*

BEREDSKAPSPLAN FOR FJELL- SKRED FRÅ JOASETBERGI

Felles objektplan for alle aktører med beredskapsansvar



Sist oppdatert 23.10.2017

Forord

Beredskapsplan for fjellskred frå Joasetbergi er ein objektplan utforma i samsvar med føringane i *Nasjonal beredskapsplan for fjellskred*. Den er utarbeidd for aktørar med beredskapsansvar og oppgåver knytt til fjellskred frå Joasetbergi. Planen skal skape ei samstemt forståing mellom aktørane og gje felles rammer for planlegginga av fjellskredberedskapen. Planen er ikkje ein operativ beredskapsplan, men skal ligge til grunn for beredskapsaktørane sine egne operative beredskapsplanar.

Planen skal òg vere ei informasjonskjelde til personar og verksemdar som, utan å vere ein aktør i den etablerte beredskapen, likevel har behov for informasjon om risikoen for fjellskred frå Joasetbergi. Dette gjeld til dømes dei som bur i området, private verksemdar, offentlege etatar, media og ålmenta generelt. For desse gruppene skal planen vere ei kjelde til informasjon om sjølvve risikoen og kva ein kan vente av beredskapen.

Beredskapsplan for fjellskred frå Joasetbergi er den første objektplanen for fjellskred i Sogn og Fjordane. Planen er eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Norges vassdrag- og energidirektorat, Aurland kommune og politiet. Kystverket, Bane Nor, Statens vegvesen, Aurland energi, Telenor, NKOM, Helse Førde, Sivilforsvaret og DSB har delteke i arbeidet. Planen skal vere eit levande dokument og vil verte oppdatert i takt med vesentlege endringar som har relevans for beredskapen.

Innhold:

Innleiing	s.4
Aktørar	s.5
Regional og lokal samordning.....	s.6
Farenivå og beredskapstiltak	s.7
Låg fare, grønt beredskapsnivå.....	s.8
Moderat fare, gult beredskapsnivå.....	s.9
Høg fare, oransje beredskapsnivå.....	s.10
Ekstrem fare, raudt beredskapsnivå	s.11
Felles tiltak.....	s.12
Rapportering og informasjonsdeling	s.13
Rutinar for drift av beredskapen	s.14
Evakueringssoner - Aurland.....	s.15
Evakueringssoner - Aurlandsvangen.....	s.16
Evakueringssoner - Flåm	s.17
Vedlegg - Risiko- og sårbarheitsanalyse for fjellskred ved Joasetbergi	
Vedlegg - Plan for informasjonsberedskap og mediehandtering	


Innleiing

Denne beredskapsplanen fastset eit felles rammeverk for beredskapen mot fjellskred ved Joasetbergi. Planen er ein objektplan, utarbeidd i samsvar med føresetnadene i Nasjonal beredskapsplan for fjellskred, jf. figur 1. Dette omfattar risiko- og sårbarheitsanalysar, klargjering av kva aktørar som inngår i beredskapen og ansvars- og arbeidsdelinga mellom desse. Planen gir føringar for alle fasar frå beredskapsplanlegging til krisehandtering.

Beredskapen skal vere i samsvar med ansvar-, likskaps-, nærleiks- og samvirkeprinsippa. Det inneber at beredskapen skal handterast av dei aktørane som har ansvaret i ein normalsituasjon, med så få organisatoriske endringar som mogleg og på lågast mogleg organisasjonsnivå. Alle aktørane har eit sjølvstendig ansvar for trygge eit best mogleg samvirke med andre relevante aktørar og verksemder.

Hovudmålgruppa for planen er aktørar med ansvar knytt til fjellskredberedskapen. Ei anna målgruppe er personar og verksemder som risikoen for fjellskred får konsekvensar for, men utan at dei er aktørar i den etablerte beredskapen. Planen skal gi desse gruppene oversikt over beredskapen som er etablert og føresetnader for å gjere eigne førebuingar.

Utarbeiding og vedlikehald av denne objektplanen er eit kollektivt ansvar for alle involverte aktørar. Fylkesmannen har i samsvar med [instruks for fylkesmannens arbeid med samfunnstryggleik, beredskap og krisehandtering](#) eit særleg ansvar for å sjå til at dette vert følgd opp. Rutinar for oppdatering og vedlikehald er nærare omtalt i kapittelet *drift av beredskapen*.



Figur 1. Planhierarkiet for fjellskredberedskapen

Aktørar

Ei rekke aktørar har ansvar og oppgåver knytt til beredskap mot fjellskred. Aktørane er delt i to grupper: Hovudaktørar og andre aktørar. Inndelinga er ikkje hierarkisk, men synleggjer dei aktørane som før, under og etter ei fjellskredhending har hovudansvar for overvaking, varsling, innsatsleiing og/eller samordning.

Det nasjonale ansvaret i departementa på politisk og strategisk nivå er omtalt i Nasjonal plan for fjellskred. Avklarte roller og samhandling er avgjerande for handtering av ei så kompleks hending. Det er difor viktig at aktørane kjenner til kvarandre, og har øvd saman.

«Berørte personar og verksemdar» utgjer ei tredje gruppe som utan å vere formelle beredskapsaktørar kan verte involvert ved at fjellskredet truar tryggleiken eller verksemda deira. Desse skal kartleggast i samband med utarbeiding av aktørplanar.

Alle verksemdar som ligg i evakueringssonene eller kan verte isolerte av hendinga, vert oppmoda om å lage planar og tiltak for å førebu seg på ei fjellskredhending. Aurland Kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skal gje støtte og stille grunnlagsdata til disposisjon.

Aktørar med beredskapsansvar mot fjellskred frå Joasetbergi	
Hovudaktørar Aktørar med hovudansvar for overvaking, varsling, aksjonsleiing og/eller samordning	Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE) Aurland kommune Vest politidistrikt Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Andre aktørar Sektormyndede, offentlege og private innsats- og forsterkingsressursar	Sogn og Fjordane Sivilforsvarsdistrikt Helse Førde Kystverket Statens vegvesen, Region vest Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) EKOM-tilbydarar Aurland energiverk Telenor Aurland hamn

Tabell 1. Aktørar i fjellskredberedskapen

Regional og lokal samordning

Det er nødvendig å samordne beredskapsarbeidet i alle fasar – frå tidleg planlegging til redningsinnsats når skredet har gått og arbeidet med å reetablere ein normalsituasjon etterpå.

Nasjonal beredskapsplan for fjellskred pålegg både Fylkesmannen, politiet og kommunen eit ansvar for å samordne arbeidet. Følgjande hovudprinsipp vert lagt til grunn for beredskapen knytt til fjellskredet i Joasetbergi:

Som regional fag- og samordningsstyresmakt for samfunnstryggleik og beredskap, har Fylkesmannen eit særleg ansvar for å samordne beredskapsplanlegging og handtering av eit fjellskred. Fylkesmannen skal òg arbeide for at aktørar som er omfatta av hendinga utarbeider nødvendige ROS-analyser og beredskapsplanar.

Fylkesberedskapsrådet er eit viktig instrument for Fylkesmannen si samordning av krisehandtering under alvorlege hendingar. Fylkesmannen må vurdere om det er føremålstenleg å samle heile, eller berre delar av fylkesberedskapsrådet under handteringa av fjellskredet. Politiet og NVE er faste medlemmar av Fylkesberedskapsrådet. Aurland kommune vil vere ein del av fylkesberedskapsrådet på møte som handlar om fjellskredet.

Fylkesmannen si samordning gjennom fylkesberedskapsrådet, og arbeidet som politiet gjer gjennom LRS, skal skje parallelt, og med felles forståing for ulik rolle og funksjon i alle fasar. Politiet sitt samordningsansvar gjeld primært arbeid knytt til akutt innsats for å redde liv og helse (redningsteneste).

Samordning endrar ikkje ansvarsforhold som følgjer av lov, forskrift og etablerte system i forvaltninga. Samordningsansvaret handlar primært om å syte for etablering av arenaer og arbeidsmåtar som sikrar at det er god kontakt og gjensidig utveksling av informasjon mellom aktørane, og at tiltak og prioriteringar vert drøfta og sett i samanheng.

Gult beredskapsnivå - samordning

Fylkesmannen har ansvaret for å bygge, halde ved like og formidle eit heilskapleg situasjonsbilde. Rutinar for situasjonsrapportering frå kommunen og regionale etatar skal aktiverast. Det same gjeld regelmessige møte i fylkesberedskapsrådet. Situasjonsbildet skal formidlast som situasjonsrapportar til DSB. Regionale og lokale aktørar som er involvert i handteringa av hendinga skal ha kopi av situasjonsrapportane frå Fylkesmannen.

Oransje beredskapsnivå - samordning

Kommunen må etablere nødvendig arenaer for lokal samordning. Politiet, med LRS, skal mobilisere tilstrekkeleg kapasitet til å ivareta politi- og redningsoppgåver.

Ansvar, tiltak og oppgåver frå førre nivå vert vidareført.

Raudt beredskapsnivå - samordning

Samordningsansvaret vil i stor grad ligge hjå politimeisteren, og all innsats for å redde liv og helse skal ha prioritet.

Fylkesmannen vil samordne aktivitet som knyter seg til andre samfunnsmessige konsekvensar av fjellskredet. Ansvar, tiltak og oppgåver frå førre nivå vert vidareført, i den grad dei ikkje strir med andre føringar.

Samordning av informasjon ved auka beredskapsnivå

Alle aktørar har ansvar for å produsere og distribuere informasjon for eige ansvarsområde. Fylkesmannen skal med utgangspunkt i samordningsansvaret legge til rette for at informasjonen er samordna og tilgjengeleg for alle aktørane.


For å sikre at aktørane har eit godt grunnlag for kommunikasjonsarbeidet er det etablert ei «kommunikasjonsgruppe for fjellskred». Denne er sett saman av kommunikasjonsmedarbeidarar frå Fylkesmannen, Aurland kommune og fagetatar.

Kommunikasjonsgruppa for fjellskred skal bidra til at eit koordinert og samordna budskap når ut til publikum. Gruppa er difor først og fremst ein støttefunksjon for aktørane sitt kommunikasjonsarbeid, men er òg ein arena for distribusjon og presentasjon av fellesinformasjon.

Farenivå og beredskapstiltak

Alle tiltak er planlagde ut frå fire beredskapsnivå som i tid følgjer dei definerte farenivåa; låg (grøn), moderat (gul), høg (oransje) og ekstrem fare (raud). Farenivåa gir uttrykk for aukande sannsyn for eit fjellskred i nær framtid, og gradvis kortare tid til eit eventuelt fjellskred vert utløyst. Endringar i farenivå vert fastsett av NVE. Samanhengen mellom farenivåa og beredskapsnivå er vist i tabell 2.

Alle aktørar skal setje i verk tiltak ut frå gjeldande beredskapsnivå, og for å få samtid i handlingane skal Fylkesmannen samordne aktivitetane. Dei fire farenivåa er i hovudsak definert og karakterisert ut frå farten på rørsle i fjellet (figur 2.), og beredskapstiltaka er omtalt vidare under.



Figur 2. Farenivå og auke av rørsle i det ustabile fjellet over tid

Geologisk situasjon	Farenivå	Beredskapsnivå og tiltak
Stabil rørsle	Låg fare	Grøn beredskap Overvaking Planlegging Øving
Stabil rørsle, utover sesongvariasjon		
Økt rørsle utover sesongvariasjon	Moderat fare	Gul beredskap Intensivert overvaking Gjennomgang av planverk Aktivering av samordningsforum. Førebu komplekse tiltak. Informasjonstiltak
Akselererande rørsle	Høg fare	Oransje beredskap: Intensivert beredskap Flytting av sårbare objekt Reduksjon av aktivitet og ferdsel
Skred nært førestående	Ekstrem fare	Raud beredskap Evakuering Redning
Skred har gått, kan gå igjen		Raud beredskap Oppretthalde evakuering Reetablering av overvaking
Deeskalering av farenivå skjer på same måte som eskalering av farenivå – frå fase til fase		

Tabell 1. Samanhengen mellom farenivå og beredskapsnivå

Låg fare – grøn beredskap

Det ustabile fjellpartiet har fleire område med deformasjonar som har små, aktive rørsler, men det er målt om lag 1 cm rørsle ved Joasetbergi årleg. Det er òg påvist ein del rørsle i skredavsetjingane som ligg nede i fjellsida. Desse områda kan vere ustabile og føre til mindre skred og utglidingar. Sesongvariasjonar som følgje av varierende vasstilføring eller temperatursyklusar er vanleg. Eit fjellskred i nær framtid er lite sannsynleg («nær framtid» vil truleg kunne vere fleire månadar).

Beredskapstiltak: Dette er normalsituasjonen. Beredskapsaktørane skal vere førebudd på å handtere eit auka farenivå gjennom vedlikehald av planar og analysar, øvingar og statusrapportering. NVE, Fylkesmannen og kommunen har eit særleg ansvar for å halde beredskapen levande. Dette skal sikrast gjennom at:

- NVE har rutinar for aktiv formidling av informasjon om høgrisikoobjekta og varslingsystema. Informasjon skal formidlast både til aktørar og ålmenta
- Fylkesmannen har rutinar for revisjon av regionale risiko- og sårbarheitsanalysar, regional plansamordning, fagsamlingar og øvingar.
- Kommunen har rutinar for revisjon av lokale risiko- og sårbarheitsanalysar, lokal plansamordning, øvingar, informasjonsformidling og kontakt med innbyggjarar og verksemder i lokalmiljøet
- Politiet gjer årlege oppdateringar av planverk og tek initiativ til å gjennomføre samvirkeøvingar
- Andre beredskapsaktørar vil halde sine planverk oppdatert, gjennomføre lokale øvingar og delta på arrangement og øvingar i regi av Fylkesmannen og politiet.

Moderat fare – gul beredskap

Rørslene i det ustabile fjellpartiet har passert ein terskelverdi over dei typiske sesongvariasjonane. Rørsla er venta å vise ein svak akselerasjon. Det kan ventast ei viss auke i steinsprang og småskred frå Joasetbergi og dei nedanforliggande områda. Sannsynet for eit større fjellskred i nær framtid har auka. Beredskapen skal ved dette farenivået vere dimensjonert for å handtere eit skred om éin månad.

Beredskapstiltak: Føremålet er å førebu ein overgang til høgare beredskapsnivå. Endring tilbake til grøn beredskap er like sannsynleg som ytterlegare heving av beredskapsnivået. Tiltak med direkte konsekvensar for samfunnsfunksjonar eller einskildpersonar vert ikkje sett i verk.

- NVE, Fylkesmannen, politiet og Aurland kommune skal starte rapportering etter føringar i punkt 4.3.
- NVE vil intensivere overvakinga av Joasetbergi. NVE fastset farenivå og varslar beredskapsaktørane om dette, i tillegg til å rapportere jamleg om situasjonen i fjellet
- Kommunen skal setje i verk tiltak for å forebygge usikkerheit i befolkninga. Oppgåva vil i hovudsak vere å samarbeide med politiet og Fylkesmannen om å kommunisere risiko til innbyggjarar, besøkjande og andre interessantar på ein forståeleg og nøktern måte
 - ◇ Aktivt gje ut informasjon i tråd med kommunikasjonsplanen
 - ◇ Respondere på førespurnadar frå mellom anna publikum og presse
- Fylkesmannen skal støtte Aurland kommune i sine oppgåver og samordne informasjonsflyt mellom aktørane og til publikum.
 - ◇ Aktivere tverretatleg kommunikasjonsgruppe for å samordne informasjonen til involverte aktørar
 - ◇ Etablere informasjons- og mediesenter
 - ◇ Aktivere eit felles forum der alle aktørane involvert i fjellskredberedskapen deltek
 - ◇ Organisere møte i fylkesberedskapsrådet, med representasjon frå Aurland kommune og NVE
- Politiet vil støtte kommunen i eventuelle førebuingar for flytting av sårbare funksjonar.
- Aurland hamn vil varsle cruiseskip-operatørar med planlagde skipsanløp til Flåm hamn om situasjonen
- Kystverket og Aurland hamn vil i samråd vurdere trongen for å varsle av anna skipstrafikk om situasjonen og mogleg føreståande stenging av hamneanlegg og fjordbasseng
- NVE, Politiet, kommunen, Fylkesmannen, sivilforsvaret, Statens vegvesen, Aurland energiverk, Kystverket, Helse Førde og Aurland hamn vil gjennomgå, og ved behov revidere, beredskapsplanar knytt til fjellskred frå det ustabile fjellpartiet ved Joasetbergi
- Alle aktørane skal førebu tiltaka dei har ansvar for på oransje beredskapsnivå
 - ◇ Aktørar som er ansvarleg for komplekse og tidkrevjande tiltak på høgare beredskapsnivå skal starte konkret planlegging av desse

Høg fare – oransje beredskap

Rørslene i det ustabile fjellpartiet har passert ein ny terskelverdi, og er forventta å vise ein klar akselerasjon. Førekomst av småskred kan forventast å auke ytterlegare. Eit fjellskred i nær framtid er sannsynleg. Beredskapen ved dette farenivået må vere dimensjonert for å handtere eit skred om to veker. NVE vil kontinuerleg rapportere om fjellet sin status og utvikling til politiet og Fylkesmannen. Politiet vil i samråd med geofagleg ekspertgruppe heile tida vurdere faren for skred og om oransje beredskap skal oppretthaldast. Flytting/evakuering vert kontinuerleg vurdert, og kan verte sett i gang på kort varsel.

Beredskapstiltak: Føremålet er å førebu og gjennomføre tidkrevjande tiltak i evakueringssona. Fleire tiltak påverkar samfunnsfunksjonar og einskildpersonar. Forsterkingsbehov må klargjerast og eventuelt aktiverast. Med sårbare objekt meiner vi menneske, verksemder og fysiske objekt som av ulike årsaker ikkje kan, eller vanskeleg let seg evakuere i ein rask operasjon. Desse objekta må kome fram gjennom risiko- og sårbarheitsanalysar, og flytting vert fastsett i beredskapsplanar. Avgjerd om flytting vert teke av den einskilde objekt- eller verksemdseigar, men Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å sjå til å at flytting blir gjennomført samordna og i rimeleg rekkefølge. Ulik gjennomføring kan føre til unødig uro blant innbyggjarane.

- Alle aktørar med eit beredskapsansvar skal ha døgntkontinuerleg beredskap for å handtere ei eskalering i farenivået
- NVE fastset farenivået og varslar beredskapsaktørane om dette, i tillegg til å rapportere jamleg om situasjonen i fjellet
- Kommunen må:
 - ◊ I tett samarbeid med politiet starte befolkningsvarsling
 - ◊ Etablere ein arena for lokal samordning
 - ◊ Omplassere eldre og omsorgstrengande i utsette område
 - ◊ Flytte sårbare objekt som er definert i planverket, vekk frå fareområdet
 - ◊ Førebu seg på å gje politiet ein endeleg statusrapport for evakuering ved overgang til raud beredskap
- Politiet må:
 - ◊ Skaffe seg oversyn over situasjonen
 - ◊ Kven skal evakuerast
 - ◊ Kven har allereie forlate området
 - ◊ Tilgjengelege ressursar
 - ◊ Førebu evakuering med støtte frå Aurland kommune, sivilforsvar og heimevern for å sikre at naudsynte ressursar er tilgjengelege og klare for respons ved overgang til raud beredskap.
 - ◊ Sikre at det er mobilisert tilstrekkeleg med ressursar til å handtere andre politio- og redningsoppgåver
- Eigarar av sårbare objekt må vere førebudd på evakuering på kort varsel
- Aurland energiverk vil kople om kraftforsyninga i Flåm, slik at kraftforsyninga kjem via Undredal
- Beredskapsaktørar vil i samspel handheve planlagde restriksjonar i ferdsle
 - ◊ Statens vegvesen vil etablere ferdselsrestriksjonar for E16
 - ◊ Aurland Hamn vil varsle cruiseskipoperatørar som har planlagde skipsanløp i Flåm om stenging av hamn og fjordbasseng
 - ◊ Kystverket vil sperre av fjordbassenget for trafikk og hindre uvedkommande i frå å ta seg inn i området med båt i frå Aurlandsvengen og sørover i fjorden
 - ◊ Bane Nor og NSB vil stanse aktivitet og togtrafikk på Flåm jernbanestasjon
- Relevante tiltak som er iverksette på tidlegare beredskapsnivå skal vidareførast

Ekstrem fare – raud beredskap

Rørslene i det ustabile fjellpartiet har nådd eit nivå som tilseier at eit fjellskred er svært sannsynleg og nært førestående. I denne fasen er det forventa stor uro i fjellpartiet med daglege småskred, noko som kan føre til at heile eller delar av overvakingssystemet vert sett ut av spel.

Beredskapen må ved overgangen til raud beredskap vere dimensjonert for å handtere eit skred om 72 timar, og evakuering av heile fareområdet skal kunne gjennomførast i løpet av 12 timar (jf. TEK10 § 7-4). Dette farenivået gjeld òg etter at eit skred har gått, fram til overvakingssystem er reetablert og ei ny farevurdering er gjennomført.

Beredskapstiltak: Hovudoppgåva i denne fasen er å gjere ei rask og samordna evakuering av menneske som oppheld seg i dei utsette områda. Politilova (evakuering) og Kongeleg resolusjon av 19.06.2015 (redningsteneste) er viktigaste heimelsgrunnlaget for tiltaket, og samordningsansvaret ligg difor i stor grad hos politimeisteren. Raud beredskap inneber normalt at alle førehandsdefinerte evakueringssoner vert beordra evakuert. Ordre vert gitt av politimeisteren. Liv og helse har prioritet framfor eventuell konkurrerande ressursbruk for å berge miljø og materielle verdier. Andre aktørar skal støtte politiet i å gjennomføre og oppretthalde evakuering

- NVE fastset farenivå og varslar beredskapsaktørane om dette, i tillegg til å rapportere jamleg om situasjonen i fjellet. Etter eit fjellskred vurderer NVE faren for nye skred frå Joasetbergi, før beredskapsaktørane kan aksjonere i skred- og flodbølgjeutsette område
- Politiet skal med støtte frå kommune, sivilforsvar og heimevern setje i verk og oppretthalde evakuering og utføre eventuell redningsinnsats
- Kommunen har hovudansvar for å ivareta dei evakuerte
 - ◇ Transport
 - ◇ Forpleiing
 - ◇ Innkvartering
 - ◇ Psykososial oppfølging når det kan vere trong for det
- Kommunen har eit særleg ansvar for å oppretthalde dei delane av tenestetilbodet som er kritiske, mellom anna heimhjelp, brann- og redningsvesen, sjukeheimstenester og liknande
- Fylkesmannen skal aktivt bidra til å samordne den delen av beredskapsinnsatsen som ikkje ligg til operativt nivå
- Statens vegvesen, Telenor og Aurland energi vil planlegge innsats for utbetring av veg, fiberkabler og kraftlinjer som ligg i utløpssona til fjellskredet. Innsats vil krevje klarering frå politiet, som igjen rådfører seg med NVE
- Relevante tiltak som er iverksette på tidlegare beredskapsnivå skal vidareførast

Fellestiltak

Varsling

Varsling er i dette tilfellet formidling av korte budskap som krev rask vurdering eller handling av mottakar. Det skal etablerast beredskap for varsling av endra farenivå, og andre vesentlege forhold og hendingar, inkludert varsling av sjølv skredet. Det skal etablerast rutinar for både aktørvarsling og befolkningsvarsling.

Aktørvarsling

Aktørvarsling er varsling til alle definerte beredskapsaktørar. NVE har ansvar for varsling av endra farenivå, og skal ha system og planverk for rask og sikker formidling av varsel (inkludert stadfesting av mottak). Aktørar som tek i mot varsel er sjølvstendig ansvarleg for vidarevarsling i eigen organisasjon, og for å setje i verk tiltak i samsvar med nytt farenivå.

Fylkesmannen og politiet skal også ha system og planverk for rask og effektiv varsling til involverte aktørar. Dette er naudsynleg for å koordinere beredskapstiltaka på dei ulike farenivåa.

Når NVE varslar overgang til raudt beredskapsnivå er det politimeisteren som gjev ordre om evakuering og politiet som organiserer evakueringa.

Befolkningsvarsling

Befolkningsvarsling er informasjon til innbyggjarar, og andre som oppheld seg i faresona, og til verksemder som ikkje er aktørar i den organiserte beredskapen. Denne varslinga skal i tid følgje aktørvarslinga så tett som mogleg. Varslinga må alltid følgjast raskt opp med informasjon gjennom media.

Ved overgangen til moderat (gul) og høg (oransje) fare vil massemedia og aktørane sine nettsider vere hovudkanal for formidling gjennom førebudde informasjonskampanjar. Desse overgangane føreset ikkje momentan handling, og det er viktig å understreke og underbygge i informasjonen som går ut.

Eit teknisk system for befolkningsvarsling vert nytta i tillegg om ein vurderer det som tenleg. Overgang til ekstrem fare (raud) og politiet si avgjerd om evakuering krev rask formidling og momentan handling blant mottakarane. Eit befolkningsvarslingssystem som raskt når ut til innbyggjarar, besøkande og verksemder i området vert nytta.

På vegne av kommunen tek politiet over befolkningsvarslinga når ein kjem på raudt beredskapsnivå og områda skal evakuerast, politiet må difor kunne nytte kommunen sitt befolkningsvarslingssystem.

Befolkningsvarsling er eit kommunalt ansvar. Sjølv om kommunen har hovudansvaret, skal òg andre aktørar bidra i dette arbeidet. Det skal vere utarbeidd ein eigen plan for befolkningsvarsling der førehandsproduserte meldingar er ein del av planverket.

Samband

Kvar aktør må kartlegge sine sambandmoglegheiter, og gjere dei tiltak som er nødvendige for å kunne kommunisere med dei andre beredskapsaktørane i ein naudsituasjon.

Ei fjellskredhending vil gje linjebrot med bortfall av mobilbasestasjonar, internett-samband og IP-telefoni i Flåm. Linjebrot grunna steinsprang eller småskred ved Joasetbergi er òg mogleg. På høgt og ekstremt farenivå (oransje og raudt beredskapsnivå), og etter ei fjellskredhending, må aktørane difor vere førebudde på at det ikkje er mobiltelefondekning i Flåm.

Nødnett har redundans og skal ikkje falle ut på grunn av fjellskredhendinga og flodbølgjene aleine. Viss fjellskredhendinga inntreffer i ein periode der lokal nødnettinfrastruktur av andre grunnar ikkje har redundans eller ikkje fungerer, må DMO-modus nyttast fram til ein mobil basestasjon kan gje nettdekning.

Det er ei fare for at mindre skred i opptakta til fjellskredet kan få liknande konsekvensar. Aktørane må difor ta omsyn til dette i beredskapsplanlegginga. Aurlandsvangen vil truleg ikkje få bortfall av EKOM.

Rapportering og informasjonsdeling

Nasjonal beredskapsplan for fjellskred skisserer rapporteringslinjene for aktørar ved ei fjellskredhendning. Alle aktørar rapporterer i eiga linje. I tillegg til disse linjene vil ein samordningskanal verte aktivert, med Fylkesmannen som bindeledd for informasjon jf.

«[Retningslinjer for varsling og rapportering på samordningskanal](#)».

Fylkesmannen skal ha oppdaterte varslingslister, og bruke CIM til å sende og ta imot rapportar. Fylkesberedskapsrådet er fylkesmannen sin faste arena for gjensidig orientering om beredskap, og for drøfting og samordning av innsats. Dei fleste møta vil verte gjennomført som telefonmøte eller videomøte. På høgare farenivå må trongen for å fysisk samle aktørane til møte vurderast undervegs.

Rutinar for tverrfagleg informasjonsdeling

Beredskapen knytt til faren for fjellskred frå Joasetbergi involverer mange aktørar. God informasjonsflyt mellom aktørane vil vere vesentleg for å samordne innsatsen og skape ei felles situasjonsforståing.

Felleslogg

Det må etablerast ein felleslogg og retningslinjer for denne, som sikrar god informasjonsflyt mellom involverte aktørar og samstundes hindrar informasjonsoverbelastning. Ei CIM-ordning for fjellskredberedskapen kan vere eit godt verktøy, men ei slik løysing er førebels ikkje på plass.

Fram til ei slik ordning er på plass må kvar aktør sørge for å formidle viktig informasjon til samarbeidspartane slik at dei kan loggføre internt i eigne CIM-løysingar. I tillegg fører aktørane eigne loggar. Mange av aktørane nyttar CIM som krisestøtteverktøy til dette føremålet.

Informasjonsberedskap og mediehandtering

For å samordne informasjonsarbeidet, skal det ved gult og høgare farenivå etablerast ei kommunikasjonsgruppe med representantar frå fylkesmannen, NVE, politiet og kommunen (jf. Nasjonal beredskapsplan for fjellskred, kap. 4.3).

Plan for informasjonsberedskap og mediehandtering skildrar ansvar, roller og rutinar, og skal bidra til korrekt og tenleg informasjon til innbyggjarar og media.

Kommunen er den primære informasjonskjelda for innbyggjarane og andre som er i kommunen, men alle aktørar har ansvar for å produsere og distribuere informasjon for eget ansvarsområde. Fylkesmannen har ansvar for at informasjonsarbeidet vert samordna mellom dei aktuelle beredskapsaktørane ved heva beredskap.

Aktørplanane skal mellom anna byggast på felles *Plan for informasjonsberedskap og mediehandtering* for fylket og vise til kvar ein finn informasjon om:

- Førehandsprodusert stoff med tiltak for ulike beredskapsnivå
- Oversikt over målgrupper og kanalar for informasjon
- Rutinar for kommunikasjon med Fylkesmannen og Kriseinfo

Psykososial omsorg

Etter eit skred vil det truleg vere stort behov for psykososial omsorg. Aurland Kommune har eige sorg- og kritesteam. Behovet for psykososial omsorg kan verte stort. I ein slik situasjon må ressursar frå andre kommunar og instansar hentast inn.

Aktørplanar

Alle aktørar som er nemnt i det regionale planverket skal utarbeide aktørplanar. Andre aktørar som har tilhald i faresona vert òg oppmoda om å utarbeide planverk. Aktørplanane skal henge saman med objektplanen, andre aktørplanar, Nasjonal beredskapsplan for fjellskred, risiko- og sårbarheitsanalysar og anna beredskapsplanverk i organisasjonen. Dette gir utfordringar både lokalt og regionalt. Fylkesmannen skal vere eit bindeledd i dette arbeidet.

The image shows three overlapping documents. The top one is a red and white 'INNSATSPLAN' for 'JOASETBERGET - SKRED'. The middle one is a white document titled 'NVEs aktørplan for fjellskredberedskap' from 'Fylkesmannen i Sogn og Fjordane'. The bottom one is a white document titled 'Nasjonal beredskapsplan for fjellskred' with a blue header and a graph showing 'førenivå' and 'forventet tid til et skred' over a period of '44 2015'.

Drift av beredskapen

Planverk

Ordinært vedlikehald av objektplanen skal følgje Fylkesmannen sine rutinar for øvre beredskapsplanverk. Fylkesmannen skal årleg gå gjennom planen. Kvart fjerde år skal ei representativ arbeidsgruppe revidere den. Sivilbeskyttelseslova sitt krav om årleg revisjon av kommunalt beredskapsplanverk bør vere ein minimumsstandard for alle aktørplanar. Alle aktørane skal sende melding om revisjon til Fylkesmannen innan 1. juni kvart år, for å sikre eit samla oversyn over oppdatert planverk.


Øvingar og samlingar

Hovudaktørane skal øvast kvart fjerde år. Heile beredskapskjeda skal øvast – frå varsling til evakuering. Fylkesmannen har ansvar for å samordne dette. Fylkesmannen tek initiativ til årlege varslingsøvingar og inviterer involverte aktørar til årleg fagsamling. Føremålet er å skape ein møteplass der ein kan etablere felles situasjonsforståing og verte betre kjent med kvarandre sine ansvarsområde. Det må ikkje vere tvil om roller og ansvar når krisa er eit faktum. Den einskilde aktør bør årleg øve aktørplanane.

EVALUERING


Etter ei hending eller øving skal handteringa evaluert for at det skal vere mogleg å vurdere om planverket er føremålstenleg og finne læringspunkt og forbetringar til neste hending. Alle aktørane har ansvar for dette i eigen organisasjon. Fylkesmannen har eit ansvar for å ta initiativ til felles oppfølging og evaluering ved større øvingar/hendingar.

Evakueringssoner Aurland



Evakueringssoner - Aurlandsvangen

1:15 000



Evakueringssoner - Flåm

